

# **TIME SOKNERÅD**

## **ÅRSMELDING 2016**



## **Innhold**

ÅRSRAPPORT TIME SOKNERÅD 2016	3
ÅRSMELDING FOR LØVEGJENGEN I TIME KYRKJE, 2016	4
ÅRSMELDING 2016 FOR TIME DIAKONIUTVAL	5
TRUSOPPLÆRINGA I BRYNE, TIME OG UNDHEIM – ÅRSMELDING 2016	7
STATISTIKK TIME SOKN	9

TIME  
KYRKJA  
BYGT  
1859

# Årsrapport Time sokneråd 2016

Time sokneråd har det siste året hatt 7 møter og behandlet 28 saker.

Time sokneråd er et godt fellesskap å arbeide i. Vi er enige om de store linjene, men kan også få til friske og livlige diskusjoner innimellom. Jeg vil gi en hjertelig takk til de som har stilt opp og vil være med å utvikle arbeidet i soknet fremover.

Når jeg ser tilbake har det virkelig skjedd en del spennende ting også dette året.

Vi har besluttet å få til en informasjonsskjerm på kyrkjetoget som kan leses fra utsiden. .

Her vil det komme informasjon om kyrkjegarden, kyrkja og arrangement .

Time kyrkje trenger fortsatt vedlikehold.

Nå er det taket som får en nødvendig oppgradering. Takstein begynte å falle ned.

Det viste seg å være løs skifer, råteskader og borebilleangrep i stort omfang.

Gann tre fikk anbudet og har utført arbeidet. Telt over bygget gav gode og nødvendige arbeidsforhold på taket som er på ca 460 kvm. Hele operasjonen vil koste bortimot 2 mill. kroner.

All skifertakstein ble tatt av. Gammelt sutak ble fjernet og ertstattet med nytt før skiferen igjen ble lagt på plass.

Det er videre planer om å installere vanntåkeanlegg for å hindre evt, brannskader.

Forsamlingen på Lye har møtt en del utfordringer det siste året. Det såkalte homofilivedtaket i kirkemøtet i fjor vår førte til at flere av gudstjeneste deltakerne på Lye meldte seg ut av kirken. Det har gitt grobunn for en alternativ søndagssamling den søndagen det ikke er gudstjeneste på forsamlingshuset. Det har vært og er fortsatt en krevende prosess når et så lite miljø skal dele ressursene for frivillig innsats og gjennomføring av samlingene på Lye

Ellers har vi besluttet å skifte misjonsprosjekt . Vi vil nå inngå avtale med Normisjon om å støtte et prosjekt for «Okhaldunga sykehus i Nepal». Det betyr at soknerådet garanterer minst 20.000 kr årlig til dette prosjektet i tre år fremover-

Økonomien i soknet har dette året vært god. Helgedagen jobber veldig bra og har gode folk i redaksjonen.

Time sokn har sammen med Undheim Ragnhild Hansen som fast ansatt i trosopplæringen . Dette er en stilling som er delvis finansiert ved givertjeneste. Mange har meldt seg som givere men det er fortsatt plass til flere. Arbeidet i trosopplæringen har utviklet seg bra og med hjelp av mange frivillige har det etter hvert funnet sin form . Stor takk til de som legger ned en betydelig innsats i dette nye arbeidet for den norske kirke. Ellers har vi som vanlig hatt mange diskusjoner om livet rundt gudstjenestene i Time kyrkje.

Løvegjengen holder fortsatt i gang et viktig arbeid for barna under gudstjenestene. Lederne har stått på i mange år og gjort en kjempeinnsats. Men her vil det også være en utfordring å fylle på med nye ledere for å holde hjulene i gang .

Jeg vil til slutt takke alle ansatte og frivillige som har gjort en innsats både i menigheten og på bedehusene i soknet vårt. Alle er vi sammen om den store oppgaven å bringe evangeliet videre til nye generasjoner.

Willy Finnbakk

## Årsmelding for Løvegjengen i Time kyrkje, 2016

Leiarar har i 2016 vore Håvard Braut, Morten Dyngeland, Karete Fosse, Brynhild Stokka Andersen og Karin Lima Friestad. Maria og Ingeborg Dyngeland har gode medhjelpar ved behov. Karete tok ein pause etter vårsemesteret. Det har vore godt med ungar innom, sær i gudstjenester med dåp. Andaktsdelen har i utgangspunktet vore sundagenstekst, preike- eller forteljarteksten. Fyrste pinsedag hadde me bursdagsfest for kyrkja med hoppeslott, pizza og kaker. Misjonstivoliet er blitt ein tradisjon som Løvegjengen og soknerådet arrangerer i lag. Framover er det ein utfordring å få fleire til å vere leiarar. Me ser at våre eigne ungar vekst til, og at det gjev nye utfordringar. Våren 2017 er det berre Brynhild og Karin som er faste og Håvard som er delvis med.

Fossebakken 8.2.2017      Karin Lima Friestad

# Årsmelding 2016 for Time diakoniutval

Årsmeldinga omfattar oppgåver der diakoniutval saman med diakon og andre frivillige medarbeidarar er involverte. Det er mange som er med i forskjellige frivillige oppgåver i kyrkjelydane våre. Det er ikkje mogleg å nemna kvar einskild med namn, men diakoniutvalet ønskjer å takka kvar og ein for den viktige oppgåva dei står i.

## Time diakoniutval

I 2016 har Time diakoniutval bestått av Aslaug Tveit Berge (leiar), Marit Undheim, Leikny Åsen og Oddvar Byberg (soknerådsrepresentant). Jofrid Aarsland Mikalsen har vore diakon. Utvalet har hatt 4 møter. Det er utarbeida ein plan for diakoni, som ligg til grunn for den diakonale verksemda i kyrkjelyden. Denne planen blir evaluert annakvart år, slik at arbeidet skal vere oppdatert.

## Diakonigruppa på Lye

På Lye er det ei eiga frivillig diakonigruppe. Det er sju medlemar i denne gruppa. Konkrete tiltak som gruppa driv er strikkekafe for damer, treff for menn, forbønnssteneste, besøksteneste og jubilentbesøk. Gruppa har tilbod om at menneske som ønskjer det kan ta kontakt med dei. Arbeidet blir utforma i tråd med behov på Lye.

## Arbeid for eldre og besøksteneste

Vi syns det er viktig med heimebesøk. Medlemmane i diakoniutvalet og diakongruppa på Lye går på jubilentbesøk med ei helsing til alle i soknet som fyller 80, 90, 95 og 100 år. Desse besøka, og fleire andre besøk blei utført av både frivillige og tilsette.

Kvart år arrangerer diakoniutvalet ein «Vårfest for alle over 60». Festen er byttar på å vere på Lye forsamlingshus og i Undheim kyrkje. Dette året var festen 3. april i Undheim kyrkje. Det var ein kjekk fest, med full sal. Denne festen er felles for alle i Time, Undheim og Bryne. Bryne diakoniutval arrangerer også ein tilsvarande fest som er felles for alle. Det er «Haustfest for alle over 60». Det var også ein veldig kjekk fest, som gjekk av stabelen i oktober.

I tillegg til dette er alle i Time som er i alderen pluss/minus 60 inviterte til «Torsdagstreff» i Bryne kyrkje ein torsdag i månaden. Alle institusjonane blir også jevnleg besøkte av prest eller diakon som held andakt eller gudsteneste der. Her bur det bebuarar frå heile Time.

## Sorgarbeid

Andre sundagskveld i januar blir det kvart år halde ein minnegudsteneste i Time kyrkje, organisert av Time diakoniutval. Mange pårørande kjem til kyrkja for å minnast dei som har døydd i året som har vore. Dette er eit felles arrangement for heile Time. Prest var Gunnar Frøyland, og Oddny Underhaug med songgruppa Shalom deltok med song. Namna blei lese opp og det blei tent lys på ein nydeleg lysinstallasjon.

Laurdag før Allehelgensdag hadde Time diakoniutval arrangementet «Open kyrkje-tenn eit lys». Då blei kyrkjetorget i Time kyrkje heldt ope, og folk kan koma inn for å få varma seg, få noko å bita i og å samtala med nokon, medan dei besøker gravene på kyrkjegarden. Inne i

kyrkjesalen hadde vi ein times program med vekselvis orgelmusikk og skrift/diktlesing ved Per Olav Egeland og Leif Andenes.

Diakonen tar kontakt med etterlatne i heile prestegjeldet, og det blir arrangert sorggrupper i samarbeid med heile Jæren og Sandnes prosti. Gruppene startar opp fortløpande etter behov. Både deltakarar og gruppeleiarar kjem frå Time.

### **Diakonigudsteneste**

I april blei det arrangert ein diakonigudsteneste. Då var det ein av føremiddagsgudstenestane som hadde eit spesielt fokus for å peike på kor viktig diakonien er. Diakoniutvalet i Time var med å forma gudstenesta, og det vart utført forbønshandling for Jofrid Aarsland Mikalsen, som var nyttilsett diakonimedarbeidar.

### **Samlivsarbeid**

Saman med resten av Time, samt heile Jæren og Sandnes prosti, har vi eit tilbod om samlivskursa "To på samme kurs (kurs 1)" og "Et annerledes språkkurs (kurs 2)". Desse kursa blir enten arrangert i heimen til leiarpar gjennom året eller som weekendkurs. Kursa blir utført av frivillige mehjelparpar, diakonen er aktiv i administrasjonen av kurset. Det er mange gode tilbakemeldingar frå deltakarar som har gått på kurs, men utfordringa er å få nye deltakarar til å melde seg på. Det blir jobba med å utarbeida nye og gode måtar å rekruttera til kursa på.

### **Arbeid for menneske med utviklingshemming**

Ein sundag i månaden er det «Sundagstreff». Dette er samlingar med gudsteneste tilrettelagt for menneske med utviklingshemming i Bryne kyrkje. Då er det først allsong, mat og drøs i peisestova. Etterpå er det gudsteneste i kyrkjesalen. Ein god gjeng blir samla her kvar gong. I mai var det sommaravslutning med grilling i Undheim kyrkje, og i desember deltok «Sundagstreff» saman med kulturskulen sitt band «Bankers» på ei formiddagsgudsteneste i Bryne kyrkje.

I tillegg har diakonen skulebesøk på Time vgs, avd for kvardagslivstrening, der det blir fortald om påsken. Sidan skulen er under bygging, blei dette besøket flytta til Bryne kyrkje dette året.

### **Fasteaksjonen**

15. mars dette året gjekk årets Fasteaksjon av stabelen. I Time gjekk konfirmantar og frivillige saman om innsamlinga. Resultatet for heile Time var kr. 155 675,50. Av desse blei kr. 20 880,50 samla inn på Lye, og Vestly og Hognestad samla til saman inn kr. 21 705,50. Dette var eit flott resultat. Mange var med både i gjennomføringa, samla inn og gav pengar i bøssene.

# Trusopplæringa i Bryne, Time og Undheim – Årsmelding 2016

Dåpen forpliktar oss til opplæring. Trusopplæringa skal vera eit tilbod om systematisk og samanhengande opplæring for alle døypte barn og unge uansett funksjonsnivå. Vi har sidan oppstarten i august 2004 bygd opp nokre robuste fasetiltak for aldersgruppa 0-12 år. Trusopplæringa har vore i ordinær drift frå 10.07.2013.

Oversikt over fasetiltaka: Alder	Tiltak	Oppslutning	Anna
0 år	Dåpssamtale og dåp	Bryne: 92 Time: 49 Undheim: 14	1 samtale og gudsteneste
0-1 år	Babysong/småsong	Time: 14 av 89 = 16% Undheim: 9 av 34 = 26%	Samling annankvar veke
2 år	Undretur Hausttakkegudsteneste	Bryne: 10 av 91 = 11% Time: 8 av 41 = 20% Undheim: 10 av 17 = 39%	1 samling Utdeling av CD.
4 år	Barnebibel	Bryne: 64 av 88 = 73% Time: 22 av 34 = 65% Undheim: 14 av 16 = 88%	1 gudsteneste
4 år	Adventsklubb	Det var færre som deltok på adventsklubben enn som fekk barnebibel utdelt i kyrkja.	1 - 3 samlingar
4-5 år	- Samling med Jungelkoret - Samling med Lye barnespel - Samling med Supermix	Bryne: 9 av 126 = 7% Time: 6 av 46 = 13% Undheim: 11 av 16 = 69%	1 samling
6 år	Aktivitetsdag	Time: 9 av 40 = 23% Undheim: 12 av 18 = 67%	1 dagsamling (planleggingsdag for skulen)
6-7 år, 1. kl	Dåpsskule	Bryne: 41 av 221 = 19% Time: 33 av 45 = 73% Undheim: 15 av 23 = 65%	Både 1. og 2. klasse, ei sml. 4 saml. + dåpsskulehelg
8-9 år, 2. kl	Pinsefart	Bryne: 14 av 112 = 13% Time: 16 av 40 = 40% Undheim: 15 av 23 = 65%	3 saml. Ettermiddagstid U.: 2. og 3. klasse saman
9-10 år, 3.kl	Tårnagethelg	Bryne: 23 av 107 = 21% Time: 16 av 40 = 40% Undheim: Annankvart år	Lørdag 5 timer + gudst. søndag. U.: 3. og 4. klasse saman.
10 år, 5.kl	Lys vaken	Bryne: 28 av 89 = 31% Time: 19 av 39 = 49% Undheim: 7 av 11 = 64%	Overnatting og samling. 5 saml + gudsteneste
13 år, 7.kl	Newbie 7. klassefest 7. klassefest	Bryne: 6 av 99 = 6% Time: 17 av 37 = 46% Undheim: 16 av 15 = 107%	1 samling
14-16 år	Ukuf, Undheim	Undheim: 28 av 30 = 93%	36 samlingar (12 samlingar pr. årskull)
15 år, 9. kl	Konfirmasjon	Bryne: 79 av 98 = 81% Time: 39 av 46 = 85% Undheim: 15 av 14 = 107%	Totalt 60 timar.
15 år, 10 kl	Kompass, leiarkurs	Bryne: Avlyst pga ingen påmelde	
17-18 år	Påskenaatt i Time kyrkje	Bryne: 47 av 214 = 22% Time: 27 av 78 = 35% Undheim: 17 av 30 = 57%	1 gudsteneste

Nytt av året er oppstart av Aktivitetsdag for 6-åringar (1. kl) i Time og Undheim. Aktivitetsdagen var lagt til dagen då det er skulemøte i Rogaland, og dermed er planleggingsdag for ungane. Aktivitetsdagen var felles for Time og Undheim. Vi prøvde også å starta leiarkurs for 15-åringar (10. kl) på Bryne. På grunn av ingen påmelde, måtte dette avlysast. Vi vil prøva igjen neste år, og gjera informasjon og invitasjon på ein heilt annan måte.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

**Organisering:** 2016 har vore eit år prega av optimisme, tiltakslust og innsatsvilje, men også sjukdom og mangel på personalressursar. Sidan dette også var tilfelle i 2015, har vi hatt eit «etterslep» på nokre av tiltaka. Sidan dåpsskulen på Bryne og Undheim vart avlyst i 2015, hadde vi dåpsskule med to årskull begge stader. Sidan det var sjukemelding i Bryne, vart dåpsskulen eit minimum med bare ei samling for kvart årskull. På Undheim gjekk samlingane som normalt.

Det har vore endringar i tilsetteressursar i 2016. Trusopplæringa har til saman 1,4 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmidlar. Sokneråda har vedteke å styrka trusopplæringa med innsamla midlar, og difor er stillingane innan trusopplæringa større enn det som blir dekkja av overførte midlar. Trusopplærarane har auka stillingsprosenten frå 50% til 60%. Dette har vore veldig positivt, og gitt utslag i nye tiltak og mindre overtid. Vi er likevel ikkje i mål med fullt utbygd trusopplæring.

**Trusopplæringsstillingar med tilskot frå sokneråda:**

60% trusopplærar i Bryne: Kristine Åsbø

60% trusopplærar i Time og Undheim: Ragnhild Hanssen

50% barne- og ungdomsarbeidar/trusopplærar i Bryne: Marion Lende

50% ungdomsarbeidar: Morten Bjorland (frå jan. 2016) 20% kontor i Bryne ++: Per Olav Egeland 10% kyrkjelydsmedarbeidar Johannes Kleppe

Trusopplæringa er leia av kateket Ingfrid Time Nærland 80%, løna av Stavanger bispedøme

Vi gler oss til å utvikla trusopplæringa vidare. Trusopplæringsplanen vil vera retningsgivande for det vidare arbeidet med trusopplæringa.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for trusopplæringa! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra. Ei lita utfordring og oppmuntring går til leiarar i det kontinuerlege arbeidet om å vera med som medarbeidarar i fasetiltak for å laga linkar til deira eige arbeid.

31.01.2017

Guds signing.

Ingfrid Time Nærland



## Statistikk Time sokn

Time sokn	Pkt.	2014 Time	2014 Lye	2015 Time	2015 Lye	2016 Time	2016 Lye
Innmeldingar	2.1	1		0	1	1	1
Utmeldingar	2.2	8		3	5	22	60
Dåp	3.1	70		76	8	75	6
Dåp bust.adr.sokn	3.2	24		40	1	36	3
Konfirmanter	3.3	38		45	0	39	0
Vigsler	3.4	26		28	0	34	0
Gudst søn/hellig	4A.1	35	20	35	22	37	21
Deltakere søn...	4A.1	5 111	2 759	6044	2812	5789	2732
Gjennomsnitt søn		146	138	172	128	156	130
Andre gudst.	4A.2	5	3	6	0	6	1
Deltakere andre..	4A.2	695	223	691	0	562	13
Nattverd gudst...	4C.1	16	13	14	12	12	12
Nattverddeltakere	5C.1	1 052	1 261	1298	1141	956	1472
Gj.sn. nattv.		66	97	93	95	80	123
Familiegudst	4C.3	3	11	7	7		
Deltakere fam.g.	4C.3	612	1 528	1592	975		
Gj.snitt fam.g.		204	139	227	139		
Ungd.gudst.delt.	4C.4	163	27	0	0	0	0
Skule/barnehageg	4C.6	3	0	0	0	1	0
Julaftengudst	4C.8	2	0	3	0	3	0
Offer totalt	11.1	198 890	91 841	245822	103201	217562	88337
Offer eige arbeid	11.1	82 609	23 098	106291	28192	123153	19577
Gjevarteneste	11.2	84 000	647 800	83200	650250	96700	609700
Andre innsaml.	11.3	45 290	120 000	47704	0	42586	0



